

Velkomen til skulen 😊



Nytt skuleår står for døra, og eg gler meg til å møte gamle og nye elevar og foreldre 😊

Her kjem litt nyttig informasjon over rutiner i 1. og 2. kl. De får meir frå skulen.

Uteskule: Me har vanleg skule fram til 3. timen om onsdagane, så elevane må ha med bøker og skulesekk. Ha med ein liten sekk til å ha mat og drikke i når me er på uteskulen. Elevane treng kle og sko etter veret, me går ut uansett ver. Hugs lue og vottar når den tid kjem.

Regnkle, kjeledressar og støvlar kan henga på skulen om de vil, slik at dei har kle og sko til friminutta.

Obs!! Om eleven ikkje kjem på skulen , **må de ringja når skulen byrjar** og sei ifrå. Då veit både de og me kor eleven er.

Raud perm: Her ligg vekeplanen og anna informasjon frå skulen. Den skal liggja i sekken. De kan gjerne ta ut «gamalt nytt» frå permen etter som nye ting kjem inn, då det fort vert fullt. Då vert sekken lettare for elevane å bera også.

Meldeboka: Legg denne i plastlomma i den raude permen . Har du melding, legg meldeboka med sida de har skrive meldinga på, open i permen, då er det lettare å raskt sjå meldinga. 😊 Om barnet har vore borte frå skulen, må de skriva melding i denne. Det same gjeld om barnet skal ha fri til tannlækjar og liknande. Ved lengre permisjonar må de søkja til rektor.

Gym: Elevane treng ikkje byta til gymkle, og dei må enten gå berrføtt eller ha sokkar med antiskliknottar under. (Dei kan ikkje bruka innejoggesko om ikkje alle har).

Lekser og lesing: Viktig å gjera leksene som står på vekeplanen. Om de øver godt på leseleksene vil det ha svært positiv innverknad på leseutviklinga til eleven. I tillegg får de ei fin stund saman med barnet dykkar 😊 Leksa «lesa 15 minutt» betyr at de kan ha ei lesestund saman, til dømes når barnet skal leggja seg, eller de har ei tid til å lesa i lag. De kan lesa i ei bok som barnet likar, lesa for/med barnet, veksla på lesa, snakka om det de les, sjå på bileta, leita etter bokstavar og ord og snakka om kva orda betyr. Dette er og ein aktivitet som hjelper i begreps- og leseutviklinga.

Bytekle: Elevane har ein kasse til å ha bytekle i ute i gangen. Når skitne kle kjem heim, er det viktig å senda med tilsvarande nye 😊

Ta kontakt om det er noko de lurar på.

Helsing Liv